



2017
2018

Revidert Utviklingsplan



INNLEIING

Stord vidaregåande skule er den største vidaregåande skule i Sunnhordlandsregionen. I tillegg til vidaregåande opplæring, har skulen ansvar for vaksenopplæringa og har ei kursavdeling som tilbyr kurs innan ulike fagområde for offentlege og private verksemdar.

Utviklingsplanen til Stord vgs har grunnlaget sitt i Hordaland fylkeskommune sitt Styringsdokument 2016-2018, men femner også skulen sine eigne definerte utviklingsbehov. Utviklingsmåla er laga med utgangspunkt i resultat frå Elevundersøkinga og tal frå Hjernen&Hjertet, og frå diverse undersøkingar og resultat frå workshops og gruppearbeid som skulen har arbeidd med sidan våren 2014. Utviklingsplanen er skulen sitt viktigaste planleggings- og styringsverktøy. Planen er overordna for skulen og avdelingane sitt arbeid med å prioritera område som me ønskjer å utvikle i tida fram til årsskifte 2018 / 2019

PROSESS

Utviklingsplanen blei i hovudsak utarbeidd på skulen sin planleggingsdag 14. september 2016 der kvar avdeling/ seksjon utarbeida mål med utgangspunkt i dei utviklingsbehov ein såg i den einskilde avdelinga eller seksjonen. Planen vart revidert i perioden september til november 2017. Måla vart arbeidd med i avdelingane/ seksjonane og på planleggingsdagen den 26. september. Skulen sitt verdigrunnlag for planen er endra for å ta inn verdigrunnlaget i ny Overordna del- verdier og prinsipper for grunnopplæringa.

Utviklingsplanen blir evaluert i leiargruppa, i seksjonane/avdelingane, i elevrådet og på drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Planen blir evaluert og eventuelt justert i juni 2018 og vart vurdert når resultatane frå neste elevundersøking er klar.

VISJON

Stord vidaregåande skule sin visjon er "Felles vekst og utvikling for alle". På vår skule er vi alle lærande, både tilsette og elevar. Vi ønskjer og arbeider for å ha ein skule der både elevar og tilsette har ein trygg arbeidsplass der ein kan vekse og utvikle seg, og ta i bruk sitt potensiale. Vi ønskjer at våre elevar skal ha læringsresultat som er over landsgjennomsnittet.

VERDIGRUNNLAG

I utviklinga av skulen som lærande organisasjon og danningsarena skal Stord vgs byggja på verdier som:

- Omsorg for den einskilde elev og anerkjenne at menneskeverdet er ukrenkeleg
- Kritisk tenking og vere etisk bevisst
- Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet
- Skaparglede, engasjement og utforskartrøng
- Respekt for naturen og miljøet
- Demokrati og medverking

Læringsmiljøet skal stimulera elevane til læring og utvikling av kompetanse i tråd med nasjonale og lokale lovar, føreskrifter og læreplanar. Læreplanens generelle del og ny Overordna del- verdier og prinsippa, er sentrale.

Elevane har både rettar og plikter. Skulen skal sjå den einskilde elev, og opplæringa skal tilpassast slik at alle elevar opplever utfordringar og meistring. Skulen vil legge til rette for elevmedverknad slik at elevane får høve til å påverke eigen opplæringsituasjon i høve til planlegging, gjennomføring og evaluering. Det er viktig at elevar og lærarar og andre tilsette utviklar eit godt tilhøve til kvarandre prega av respekt og omsorg, fritt for rasisme, diskriminering og mobbing. Skulen forventar at alle i skulemiljøet viser kvarandre respekt, er høflege mot einannan, held skulen ryddig og følgjer skulen sine orden- og åtferdsreglar.

HOVUDMÅL - UTVIKLINGSMÅL

Hordaland Fylkeskommunes hovudmål «Auka læringsutbyte og fullføring» er styrande for alle mål i denne utviklingsplanen

Auka læringsutbyte- skulen i framtida

- Undervisninga skal ha høg kvalitet
- Elevane si læring, danning og utvikling er viktigaste grunngeving for avgjerder og prioriteringar
- Me har høge forventningar til elevane sitt faglege læringsutbyte
- Skulen skal legge til rette for samarbeide, og utvikling for alle tilsette
- Berekraftig utvikling er eit område som skulen prioriterer i 2018.
- Vårt vurderingsarbeid gir tydelige forventningar og elevane deltar og blir høyrte undervegs i læringsarbeidet

Auka fullføring

- Tett samarbeid med grunnskulen for å sikre ei god studierettleiing og gode overgangar
- Tidleg kartlegging og identifisering av elevane og leggje til rette for at alle kan fullføre og bestå
- Tilbod om studiesenter og støtteundervisning. Parallelllegging av undervisningsgrupper i fellesfag (YF)
- Elevane skal få utfolde skaparglede og utforskartronge som motivasjon for faglege læring og meistring
- Alle som ønskjer og er kvalifisert skal få læreplass

Eit godt psykososialt skulemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling

- Me møter elevane med respekt og anerkjening og legger til rette for vennskap og det å høyre til
- Me legg vekt på relasjonsbasert klasseleiing i eit raust og støttande læringsmiljø der elevane vert stimulert til faglege og sosial utvikling.
- Vertsskule for Prosjekt Psykolog i skole
- Drømmeskolen er eit av verktøya for å bidra til god psykisk helse for elevane

Utviklingsmål

Språk, samfunnsfaga, økonomifaga (Revidert september 16)

Mål	Tiltak	Resultatmål	Start – slutt	Ansvarleg	Res-sur-sar	Doku-menta-sjon/evalu-ering
Auka læ-ringsut-byte	<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid med lokale aktørar - Ta del på samtidsdagane - Forelesar frå HSH på STV - Samarbeid med gruvane på Litlabø - Tverrfagleg samarbeid med Kvær-ner - Tverrfaglege ekskursjonar med idébank - Prosjekt VG2 i historie og norsk 		Januar 2017 Start haust 2016 Start haust 2016 Start haust 2016	Sam.fagseksjo-nen Sam.fagseksjo-nen Samf.fagseksjo-nen Norsk- og samf.fagseksjo-nen		
Auka gjennom-føring	<ul style="list-style-type: none"> - Tettare samarbeid kring timeplan, fag og fagblokker - Tydelege prioriteringar i timeplanarbeidet - Innsyn i skolen sine økonomiske prioriteringar og medverknad i prosessen - Møte med lærerar i framandspråk 2 frå ungdomsskulane - Betre marknadsføring Aktuelle lærerar er med og informerer på ungdomsskulane	Fire parallel-lar på studie-spesialisering	Våren 2017 Start haus-ten 2016 Start 2016	Avdelingsleiar og fagansvar-lege Leiargruppa og dei tilsette Språkseksjonen Fagansvarlege og lærerar		
Godt psy-kososialt miljø	Innanlands/utanlandsturar for VG2 Arbeidsgruppe Prosjektmidler Planlegging Tverrfaglege ekskursjonar		Start plan-legging haust 2016 Start haust 2016	Arbeidsgruppe Alle lærerar		

Stord Vgs 2016-2018 Musikk dans og drama (rev. November 2017)

Mål	Tiltak	Resultatmål	Start – slutt Mi-lepælar	Ansvarleg/organisering	Evaluering

Betere infoflyten mellom instanser som er involvert i elever med særlege utfordringar	På møtene vert noko av innhaldet gjennomgang klassevis av elevar med særlege utfordringar Få betre oversikt over mobilbruk som kan forårsake mobbing	Hindre frafall og betre læringsutbyttet	2016/18	Alle lærarar, inkl. kontaktlærarane	Underveisevaluering Jevnlege møter bør prioriterast Klasseteam vg1 styrkjer dette arbeidet
Lik vurderingspraksis for musikklinjene i HFK	Regionale møter. Årlege møter med andre musikkseksjoner i fylket. Fagleg samarbeid som for eksempel innhald til eksamen/sensur	Kvalitetssikre vurderingsarbeidet	2016/18	Avd.leiar/faglærarar	Juni 2017 – viktig å fortsetja dette samarbeidet. Jobbe for å kunne lage felles eksamensoppgaver Juni 2018
Fremme elevane sitt eige vurderingsarbeid	Diskusjon/erfaringsutveksling i seksjonen og utprøving i skulekvardagen gjennom egenvurdering i instrument	Auka læringsutbytte	2016/18	seksjonsarbeid	Juni 2018

Stord Vgs 2016-2018 Medium og kommunikasjon (rev. November 2017)

Mål	Tiltak	Resultatmål	Start – slutt Milepælar	Ansvarleg/organisering	Evaluering
Vurderingssamarbeid med andre ME skular i HFK	Ta initiativ/etterspør møteplasser samt delta på samlingar i fagnettverket. Konkretisere kompetansemåla. Gjera resultatet lett forståeleg for elevane.	Lik vurdering i HFK	2016/18	Lærarar på Media leia av fagansvarleg	Juni 2018
Auka elevtrivsel	Finne felles arena for samarbeid mellom vg1 og vg2	Godt omdøme ut til potensielle søkjarar	2017/18	Lærarane på Media	Juni 2018
Tydeleggjera felles reglar/arbeidsmetodar på media	Meir samarbeid mellom planleggjinga av undervisninga på vg1 og vg2	Identitetsskaping for medielevane	2017/18	Lærarane på Media	Juni 2018

Realfag og Idrett (rev. November 17)

Mål	Tiltak	Resultatmål / kjenneteikn	Start – Slutt	Ansvarleg / organisering	Evaluering
Felles normer for klasseleiing og vurderingskultur	<ol style="list-style-type: none"> Vurdering for læring Følgje reglementet systematisk Hindre mobil- og PC-misbruk i timen Fokus på systematisk framover- og tilbake-melding på alle nivå 	<ol style="list-style-type: none"> betre resultat på elevundersøkinga tar opp, presisere og følgje opp reglementet / rutiner Mobilhotell og PCen i sekken dersom den ikkje skal brukast Større fagleg fokus i timane. fokus på status og forbetring 	<ol style="list-style-type: none"> kontinuerleg kontinuerlig hausten 2017 – mobilhotell på plass 1.jan 2017 Kontinuerlig 	<ol style="list-style-type: none"> Lærarane Lærarane Leiinga og lærarane Lærerar og leiing 	
Auka motivasjon for læring	<ol style="list-style-type: none"> Utenlandstur for vg2 stusp. Faglig samarbeid. Utflukt. Overnattingstur for vg1. Berekräftsprosjektet Elevmedverknaden, Eigenvurdering Verdiplakat Større (faglig)fokus i sosiale mediar 	<ol style="list-style-type: none"> involvera intern. perspektiver i læring God tilgang til ulike undervisningsopplegg. Eleven får betre forståing for eigen prestasjon og forståing for vurdering for læring. Få fram satsingsområder og forventningar, identitet Vise fram, deltakelse 	<ol style="list-style-type: none"> 2017/2018 Kontinuerlig Kontinuerlig Kontinuerlig Kontinuerlig 	<ol style="list-style-type: none"> leiinga og lærerar Lærerar Lærerar og elevmedverknad Alle Alle 	

Mål	Tiltak	Resultatmål / kjenneteikn	Start – Slutt	Ansvarleg / or- ganisering	Evaluering
<p>Identifisere raskt elevar som treng særskilt oppfølging.</p>	<p>1. Tilrettelegging for gjennomføring av start-samtalar. Klasselærarråd kjem tidlegare. Bete og raskare informasjons-overføring frå ungdomsskulen. Ekstra ressursar i fag ved behov. Rask etablering av foreldrekontakt. Grupper er etablert til skulestart</p> <p>Systematikk i å føre fråvær/ anmerknings i skolearena. Dialog og samarbeid med heime</p>	<p>1. Raskare tilrettelegging, bette læring, bette motivasjon</p> <p>2. bidra til bette motivasjon og dermed fullføring. bette oversikt</p>	<p>Pågåande</p>		

Elektro, Automasjon, TIP, Byggfag; IKT (Rev. November 17)

Mål	Resultatmål kjenneteikn	Tiltak	Start – slutt milepælar	Ansvarleg organisering	Evaluering
Alle som ønskjer- og er kvalifi- sert skal få lære plass.	Auka fullføring	Godt samarbeid mellom lærarar og yrkesfaglig koordinator.	Juni 17. Prosjekt- tida	Avdelingsleiar Lærarar	Samarbeid er etablert i august 17.
		Skaffe oversikt over kor mange som får lære plass.	August 17 November 17. Juni og august 18	Yrkesfagleg koordinator	3 elever frå førige år manglar lære plass pr 1.november.
		Betre kontakt med næringslivet	Fortløpande	Avdelingsleiar. Yrkesfagleg koordinator	Godt i gang i oktober 17.
		Års hjul som viser utplasseringar.	September 17.	Avdelingsleiar. Alle lærarar	Årsplanar laga for alle 19 klassane i oktober 17
		Forpliktande avtaler med næringslivet.	Fortløpande	Avdelingsleiar	Ikkje starta / nedprioritert.
		Alle elever utplasseras i Vg1, Vg2 og Vg3 for å få øving i arbeidslivet.	I skuleåret	Avdelingsleiar, YFK og alle lærarar som har faget YFF.	Litt praktiske problem. Går rett vei. Til dels god utvikling i november 17.
Betre vurderings praksis	Auka læringsutbytte	God kommunikasjon mellom lærar og elev.	17 til 18	Lærarar	Gode eksemplar på nye metodar frå enkelte lærarar.
		Presentere vurderingskriterier for elvane.	Fortløpande	Lærarar	Ikkje undersøkt. Vår 2018.
		Felles utviklingsarbeid om vurdering.	Aug. 17 til des. 18	Avdelingsleiar Lærarar	Tre lærarar har fått støtte til 15 st.p. studie i vurdering for YF-lærarar.
		Utvikle felles vurderingspraksis på seksjonar.	Jan. 18 til des.18	Avdelingsleiar, fagansvarlege og lærarar.	Pågår på seksjonane.
Tydlig praktisering av felles regler.	Auka læringsutbytte og fullføring	Tydlig kontaktlærarpraksis og klasseleiing.	Fortløpande	Lærarar.	Pågår. Auka merksemd på klasseleiing.
		Klare og tydelege reglar på avdelingsnivå. Felles informasjon ved skulestart.	Skulestart 17. Fortløpande	Avdelingsleiar og alle lærarar.	Felles informasjon gitt ved skulestart.
		Konkretisering og oppfølging av felles reglar i klasselærarråd gjennom heile skuleåret.	Fortløpande	Lærarar	Pågår.
		God informasjon om elevane til alle lærarane.	Skulestart 17 og 18. + fortløpande	Ressursteam og rådgjevarar	Gjennomført av rådgjevarteamet i første skuleuke.

Mestring og Utvikling (Rev. November 17)

Mål	Tiltak	Resultatmål	Start – slutt Milepælar	Ansvarleg/ organi- sering	Evaluering
At elevane vel rett gruppe og kjem ut i eit relevant og godt aktivitetstilbod	Samarbeid med yrkesfaglig koordinator, for råd og rettleiing	Auka fullføring	Juni 17. Prosjekt-tida	Avdelings-leiar	Møte i oktober 2017
	Bruke samarbeidsavtalen, NAV – HFK	Auka fullføring	August 17 November 17. Juni og august 18	Avdelings-leiar	Våren 2018
	Kontaktperson på NAV	Auka fullføring	Fortløpande	Avdelings-leiar.	
	Styrkje rådgjevingstenesta for å sikre gode val	Auka fullføring	Septem-ber 17.	Avdelings-leiar. Råd-gjevar Inntaksteam	Møte med råd-gjevarane i grunnskulen ok-tober 2017 Informasjon på regional rådgje-var samling
	Gode hosi-teringar	Auka fullføring	Våren 2018	Avdelings-leiar Fagansvar-leg Kontaktlæra-rar	Planlagd; I for-kant og etterkant av eksamenspe-rioden – ein indi-viduell dag i ap-ril, ein fellesdag i slutten av juni
Auka fokus på IOP arbeidet - frå kartlegging – oppfølging til vurdering	Halde oss oppdaterte på nye læremiddel og hjelpemiddel	Auka læringsutbytte	17 til 18	Lærarane	Kontinuerleg
	Gode planar, årsplanar og IOP-ar	Auka læringsutbytte	Fortløpande	Lærarane	Våren 2018
	Bruke IOP-ane aktivt og vurdering for læring som metode	Auka læringsutbytte	Aug. 17 til des. 18	Avdelings-leiar Lærarar	Internt kurs i ped.rap og NSSU i septem-ber 2017
Eit god skulemiljø	Fremme helse, trivsel og læring	Auka læringsutbytte og fullføring		Alle på sek-sjonane	
	Elevane skal føle at dei vert sett og er ønska	Auka læringsutbytte og fullføring		Alle på sek-sjonane	
	Belønning for ønska åtfærd	Auka læringsutbytte		Alle på sek-sjonane	
	Me skal møte kvarandre med respekt og toleranse	Auka læringsutbytte og fullføring		Alle på sek-sjonane	
	Relasjonell klas-seleiing	Auka læringsutbytte og fullføring		Lærarane	

